



Samferdsledepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

**Vår ref.**  
11/1441-9/K2-Q10//ABJ

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
26.06.2012

## NASJONAL TRANSPORTPLAN 2014 - 2023 - UTTALE FRÅ EID KOMMUNE

**Utbygging av moderne, effektive og raske samferdsleløyningar er avgjerande for framtidig utvikling av Eid, Nordfjord og Sogn og Fjordane. NTP-framlegget frå transportetatane er eit godt utgangspunkt, men har også store manglar som må rettast opp i det vidare arbeidet med NTP i Regjering og Storting. Eid kommune gjev følgjande fråsegn til transportetatane sitt forslag til NTP 2014-23:**

### 1. Overordna innspel

#### **1.1 Vriding av vegmidlane frå storbyområda til regionane**

Eid kommune støttar hovudstrategien i NTP-framlegget: At ein i dei største byområda skal satse målretta på kollektivtrafikk/syssel/gange, medan ein i regionane skal satse på å redusere avstandskostnader, bidra til større bu- og arbeidsmarknadsregionar og styrke regional utvikling.

*Eid kommune meiner dette må bety ei vriding av vegmidlane bort frå vegutbygging i og rundt dei største byane, over til større rammer til vegutbygging i dei deler av landet der avstandsulempene er store og ein kan oppnå store samfunnsøkonomiske gevinstar ved utbygging av eit betre vegnett.*

#### **1.2. Auka rammer og alternativ finansiering av større samferdsleutbyggingar**

Eid kommune er positive til at etatane i NTP-framlegget prioriterer trafikktryggleik, gang/syssel og midlar til drift, vedlikehald og å ta igjen forfallet på vegnettet. Vi vil likevel påpeike at dei samla rammene i NTP-framlegget er for små til å dekke dei behova som faktisk finst, ikkje minst innanfor nye investeringar i vegnettet. Med dei rammene som ligg føre i NTP-framlegget, sjølv med det øvre rammealternativet, vil det ikkje vere mulig å gjennomføre heilt nødvendige investeringar i vegnettet for å nå dei overordna måla om å redusere avstandskostnader, bidra til større bu- og arbeidsmarknadsregionar og styrke regional utvikling.

*Eid kommune meiner dei samla rammene i NTP må aukast betydeleg. I tillegg er det etter Eid kommune sitt syn nødvendig å tenke alternative utbyggings- og finansieringsmodellar for gjennomføring av større samferdsleutbyggingar, som til dømes offentleg-privat samarbeid (OPS) og statsgaranterte obligasjonar/lånekapital til disposisjon for fristilte juridiske einingar. Dette kan t d vere aktuelt for å få fortgang i ei samanhengande utbygging av E39 Kyststamvegen. Det er avgjerande for konkurransekrafta til næringslivet i vår region.*

---

Postadr.:  
Rådhusvegen 11  
6770 Nordfjordeid  
Kontoradresse:  
Rådhusvegen 11  
org.nr: 938521816

Telefon:  
57 88 58 00

Telefaks:  
57 88 58 01

Bankgiro:  
3790.07.00130  
5398.05.01120

E post:  
[post@eid.kommune.no](mailto:post@eid.kommune.no)  
Heimeside:  
<http://www.eid.kommune.no>

### **1.3. Meir miljøvennleg transport av personar og gods**

Eid kommune støttar hovudstrategiane for å få auka bruk av kollektivtrafikk, gange og sykkel, og å få meir gods over frå veg til bane og sjø over lange avstandar.

*Eid kommune vil understreke at det er mykje å hente på utvikling av kollektiv-stamnett med buss og utbygging av gang- og sykkelvegnettet også utover i regionane. Det er god miljø- og folkehelsepolitikk også sett frå Eid kommune sin ståstad. Vi ser det vidare som ei naturleg følgje av strategien for meir gods over til sjø at Stad Skipstunnel blir prioritert med oppstart i første fireårsperiode.*

## **2. Innspel på konkrete saker/tema**

### **2.1 Transportkorridor 4 – E39**

Eid kommune er medlem i Stamvegutvalet for E39. Vi stør den samla strategien Sogn og Fjordane gjennom Stamvegutvalet har lagt for utbygging av E39 gjennom fylket, og syner til innspel herfrå.

#### **2.1.1 E39: Auka ferjefrekvens og andre tiltak på kort sikt**

*Vi vil be Samferdsledepartementet legge spesiell vekt på at ein som eit strakstiltak for å redusere reisetida på E39, innfører 20-minuttsavgangar på ferjestrekninga E39 Lote-Anda. Det vil vere eit rimeleg og effektivt strakstiltak for å betre frekvens og redusere reisetider på Kyststamvegen. Ferjestrekninga Lote-Anda har dei siste åra hatt sterk trafikkvekst. Når utbygginga av ny ferjekai på Anda snart står ferdig, bør 20-minuttsavgangar vere eit tiltak som følgjer raskt etter, helst allereie i 2013. Det kan skje anten ved å setje inn ei ekstra ferje på sambandet, gå over til billettering om bord eller innføre automatisk billettering med Autopass slik ein har gjort på andre sterkt trafikkerte samband (t d Flakk-Rørvik i Trøndelag). Overfartstida på Lote-Anda er berre 8-9 minutt.*

Av andre viktige tiltak på E39 på kort sikt vil vi trekke fram utbetring av Lotetunnelen og bygging av samanhengande gang- og sykkelveg frå Nordfjordeid heilt fram til Nor bru.

#### **2.1.2 E39: Framtidig fjordkryssing Lote-Anda**

*Vi ber om at fjordkryssing av Nordfjord over Lote-Anda vert løfta fram som Sogn og Fjordane sitt prioriterte fjordkryssingsprosjekt i Vegdirektoratet si strategiske satsing på "Ferjefri E39 Kristiansand-Trondheim", jmf omtale i kap 9.5.6 i planframlegget.*

NTP-framlegget legg opp til at ferjefri E39 kan bli ei stor, strategisk samferdslesatsing frå statleg hald i åra som kjem, på linje med kollektivsatsing i storbyane og jernbaneutbygging i intercity-triangelet på Austlandet.

I kapittel 9 i NTP-framlegget, "Store strategiske satsinger", er det ein eigen omtale av prosjektet "Ferjefri E39 Kristiansand-Trondheim". Her går det fram at det er aktuelt å avløyse ferje ved sju fjordkryssingar på E39, herunder Nordfjorden og Sognefjorden. Det kjem også fram at kryssing av Nordfjorden er det *einaste* ferjeavløysingsprosjektet i vårt fylke som er aktuelt for oppstart i komande tiårsperiode, og at dette dermed er eitt av fem aktuelle fjordkryssingsprosjekt for gjennomføring og finansiering i løpet av tiårsperioden.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i januar 2012 å tilrå midtre trase over Lote-Anda med framtidig fjordkryssing som framtidig trase for E39 Skei-Volda. Det blir no arbeidd med nye teknologiske konsept for fjordkryssingar som kan redusere brukostnadene sterkt (flytebrukonsept). Ei bru over Nordfjorden ved Lote-Anda kan difor truleg finansierast 100% med brukarfinansiering, og i tillegg vere eit godt eigna pilotprosjekt for ny teknologi for framtidige kryssing av lange fjordar som Sognefjorden.

Vi vil understreke frå Eid kommune si side at vi legg til grunn at eksisterande prioriteringar av strekningar for E39 gjennom Sogn og Fjordane må stå fast, jmf semje i Stamvegutvalet for E39.

## 2.2 Transportkorridor 6. Rv 15 Otta-Måløy

Bygging av nye tunnelar på Rv 15 Strynefjellet er ei viktig felles sak for heile Nordfjord og Sunnmøre. Eid kommune kan ikkje godta at sambandet over Strynefjellet blir ”nedgradert” med lågare farstsgrense og bygging av fartshindringar i tunnelane. Eid kommune stiller seg bak eit felles innspel frå mange kommunar i regionen om framtidig konsept B2 for Rv15 Strynefjellet. Stryn kommune vil spele dette direkte inn til fylket i samband med KVU for Rv15 Strynefjellet.

Vi vil vidare påpeike at det står att ei rad viktige gang- og sykkelvegstrekingar og mindre trafikktryggleikstiltak langs Rv15 gjennom Eid kommune. Det gjeld både i Kjølisdalen, Stårheim, Haugen, Nordfjordeid sentrum og på Hjelle. Fylket må difor krevje gode rammer til å gjennomføre gang/sykkelvegutbyggingar og trafikktryggleikstiltak i Transportkorridor 6 i NTP-perioden. Særleg hastar det med å få prioritert bygging av gjenståande gang—og sykkelvegstreking frå Hjelle til Nor Bru, som er tenkt kombinert med legging av ny hovudvassleidning for Eid frå nytt vassverk ved Hornindalsvatnet. Midlar til denne reststrekinga må prioriterast allereie i 2014-15.

## 2.3 Andre viktige saker/tema

Stigedalsvegen: Vi syner til KVU-en for E39 Skei-Volda. Her kjem det fram at traseen over Stigedalen gir svært kort reisetid og høgast trafikantnytte av alle vurderte alternativ på strekinga. Val av konsept for E39 ligg no til avgjerd på nasjonalt nivå, men uansett val av E39-trase vil vegen over Stigedalen vere den kortaste vegen mellom Ytre/Midtre Nordfjord og Volda/Ørsta og dermed ha ein svært viktig regional funksjon. Det er difor viktig at standard og ferjefrekvens på Stigedalsvegen vert halden oppe også etter at Kvivsvegen opnar, ikkje minst når Volda frå hausten av får funksjon som lokalsjukehus innanfor fødetenester for folk i Nordfjord.

Det er frå Volda kommune spelt inn at Stigedalsvegen bør få status som ”interregional sambindingsveg”. Eid kommune ber Sogn om støtte til ei slik løysing, gjerne gjennom å løfte dette inn til vurdering i NTP, og uansett framtidig status sørge for at standard og ferjefrekvens på strekinga vert halden oppe.

Luftfart: Eid kommune legg til grunn at Sandane Lufthamn vert oppretthalden i planperioden, etter dei store investeringane staten no har lagt ned i lufthamna dei siste åra. Vi vil likevel understreke at det aller viktigaste for folk og næringsliv er å få betre frekvens og lågare prisar på flytilbodet i vår region. Eid kommune er lite tilfreds med det monopolet Widerøe no har fått på flyruter i Sogn og Fjordane og Søre Sunnmøre, med svært høge billettprisar og eit sterkt avgrensa rutetilbod. Det er uheldig for rekruttering og utvikling av næringslivet i regionen.

Stad Skipstunnel: Eid kommune krev at Stad Skipstunnel blir bygd, med oppstart i første fireårsperiode. Dette bør vere eit heilt sjølvstøtt nasjonalt løft for å legge til rette for sjøtransporten. Bygging av Stad Skipstunnel og dei mulighetane det gir for nye båtruter langs kysten vil også ha store positive regionale verknader for heile Nordfjord, Eid inkludert.

Standarden på fylkevegnettet i Eid, som i fylket elles, er under ein kvar kritikk. Eid kommune er sterkt kritiske til at staten har overlevert fylket eit underfinansiert vegnett av dei tidlegare riksvegane som er nedklassifisert til fylkesvegar. Vi krev at staten i NTP kjem opp med ein ekstraordinær finansieringspakke for fylkesvegnettet. I Eid kommune er det særleg Torheimsvegen og rassikring til Navelsaker som er viktige større satsingar, i tillegg til å ta igjen forfallet generelt på fylkesvegnettet og få plass til nødvendig opprusting av strekingar som t d Haugen-Espe Bru (til Harpefossen skianlegg).



Med helsing  
*Alfred Bjørlo*  
Alfred Bjørlo  
Ordfører  
5788589797

**Kopi til:**

Sekretariatet for Nasjonal  
transportplan

Vegdirektoratet

0033

OSLO

e-post: [ntp.sekretariat@vegvesen.no](mailto:ntp.sekretariat@vegvesen.no)